



**Betelskipet Elieser 6 har forlatt Sandakaien for denne gongen og hadde Halsnøy som sitt fyrste mål på ferda vidare. Betel-skipene representerar ein spesiell og fascinerande side av norsk misjonsverksemd og skipsfartshistorie og no er det 108 år sidan Elieser 1 starta seilingane sine. For det var eigentleg eit nedrigga seilskip som vart slept av eit dampskip dit det skulle**

Men det forliste under ein orkan i Lofoten innunder jul i 1913.

Først i 1918 kom det neste skipet i drift - forseinka av krigen. Det vart ombygd til hospitalskip men klarte ikkje å dekkja behovet.

Difor vart det kjøpt eit skip til i 1919 og det kom i drift i 1923. Begge seilte for Den indre Sjømannsmisjon heilt til innunder den 2. verdenskrig då begge vart kondemnert.

Då vart det vedteke å bygge nytt. I 1939 var hospital- og betelskipet Elieser 4 klart og det var mykje større enn forgjengarane sine. Etter krigen vart det rekvirert som hospitalskip under gjenoppbygginga av Finnmark.

Det neste kapitlet i Eliesersoga starta i 1946 då organisasjonen kjøpte ein britisk minesveipar som vart ombygd. Men den var svakt bygd og låg mykje på verkstad og vart seld i 1963. Den gjorde imidlertid lenge teneste i Oslo som husbåt for bustadslause.

Dagens Betelskip kom i drift i 1992 etter eit omflakkande liv rundt i verda men fyller framleis føremålet sitt. På biletet ligg han ved Sandakaien,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen